

## SØKNAD OM PROSKJEKTTILSKOT OG UNDERSKUDDSGARANTI

*Søkar: Seim Ungdomslag*

*Dato for arrangement: 21. - 22.september 2019*

### **PROSJEKTSKILDRING:**

*I samband med 50-årsjubileet for Woodstock vil vi lage ei festivalhelg på Seim i veke 48, 21.-22. september, med Woodstock som tema. Namnet på festivalen er SEIMSTOCK.*

*Vi ønskjer å vise fram dei sterke musikalske kreftene i bygda vår og å gjera eit arbeid for å samle både bygda og Alver til ei felles kulturell oppleving.*

Seim Ungdomslag er økonomisk ansvarleg for arrangementet. I tillegg har vi ei uavhengig gruppe med representantar frå ulike delar av Seim. Denne gruppa vert leiargruppa for Seimstock og har ansvaret for å organisera arbeidet og vere kommunikasjonsansvarlige mellom dei ulike partane i prosjektet.

Vi ønskjer å sette opp ei familieframsyning i Grendahuset Strilatun fredag 21. og laurdag 22. september. Hovedfokuset i framsyninga vil vere det musikalske frå Woodstock og 60-talet, men med ei historie som knyt saman den lokale strilekulturen med dei politiske og sosiale rørslene frå 60-talet.

Hovudmotivasjonen for lage ein slik framsyning er ei genuin interesse for musikk, men det ligg også ei djupare meining bak. Vi trur at eit prosjekt som Seimstock vil vere samlande og inkluderande for Alver kommune, både unge og gamle.

Kompetansehevande tiltak:

Det vil koste mykje tid og krefter å gjennomføre eit prosjekt som dette, og vi vil trenge frivillige innan mange fagområde.

Derfor ynskjer vi å involvere elevar frå Kunst- og Handverklinja på Knarvik Videregående i arbeidet med kostyme og kulissar. Det er også naturleg å trekke inn elevar frå Manger Folkehøgskule i arbeidet med å skrive dei musikalske arrangementa. Sjølv produksjonen vert eit samarbeid mellom profesjonelle aktørar innan ulike felt og enkeltpersonar.

## BUDSJETT

BUDSJETT	KOSTNAD	FINANSIERING	INNTEKTAR
Kulturproduksjon/ arrangement	60,000	Billettsal (300 a 250kr)	75,000
Leige av lokale	10,000	Eigen innsats	10,000
Leige lyd	35,000	SUM	85,000
Audio/ video effektar	10,000		
Leige lys	10,000	Stønad frå Lindås kommune	85,000
Manusforfattar	5,000	SUM TOTALT	170,000
Rekvisittar	10,000		
Kulissar	10,000		
Kostyme	10,000		
Reklame	10,000		
SUM	170,000		